

Nr. 59, 87. årgang
TYSDAG
31. MAI 2016
Laussal kr 25,-

www.vikebladet.no

Vikebladet

Vestposten

SKAL DU SELGE BOLIG?
Kontakt
Boligspesialisten
notar



KLARE FOR JUNIOR-NM

SIDE 9



HØDD FEKK DET IKKJE TIL

SIDE 6-7



EKSTREM-VERET ØYDELA

SIDE 4



- POSITIVT AV REGJERINGA

SIDE 2

- Framleis grei økonomi



SIDE 4

«Oil man of the year» takka dei tilsette



Side 3



GLER SEG TIL KONSERTEN
SISTE SIDE

Stor pizza
Ikke kebappizza

Kr **149,-**

Rullekebab
m/drikke

Kr **89,-**

Gjelder f.o.m. 1. juni


Gratis utkjøring i Ulstein kommune

Aladdin Pizzeria

Kirkegata 4, Ulsteinvik

Tlf: 700 10 200





TIPS: redaksjon@vikebladet.no
sentralbord: 70 01 85 00

kveldsvakt:
Jorulf Myrene

900 14 528



ventilen

Få det ut!
Tel. 70 01 85 00
redaksjonen@vikebladet.no

**Kommune-
reforma**

Eg trur ikkje siste ordet er sagt i kommunereforma enda. Skal tru om ikkje det til sjuande og sist blir regionkommune Sunnmøre likevel. Mykje talar for det.

I. Ambjørnsen

**– Ta bort
50-skilt i helga**

Roger Sundgot er innom redaksjonen og ønsker å kome med ei oppmoding til dei som no arbeider med å legge ny asfalt gjennom Hareidsdalen. – Skilta som syner at farta skal reduserast til 50 kilometer i timen burde vere tatt bort i helgene når det ikkje går føre seg arbeid. Eg registrerer at bilane likevel køyrer i 80 kilometer i timen, trass i skiltinga. Respekten for skilta vert svekka når dei står oppe heile tida, meiner Sundgot. Han hevdar også at strekninga med redusert fartsgrense og åtvaring om langsgående asfaltkant ikkje er nokon slik kant, medan der det er langsgående asfaltkant er fartsgrensa framleis 80 kilometer i timen.



Trippear: Bergenske Helge Jordal (t.v.) og Jens Holstad trippar etter å få kome seg oppover og framføre musikkspælet «Lengsel» i Sjøborg - i lag med Bøneskoret.

Trippear etter å kome oppover

Tida nærmar seg «Smak av Ulstein»-arrangementet. Helge Jordal og Jens Holstad står nede i Bergen og trippar etter å kome seg oppover.

Dei to har nemleg viktige roller når det store Bøneskoret framfører musikalen «Lengsel» i Sjøborg laurdag 11. juni. Dagen for held dei kyrkjekonsert i Volda.

Helge Jordal er ingen kven som helst på dei skrånande breidder. Den nyslåtte 70-åringen er kanskje aller mest kjend for tolkingane sine av Jeppe i skodespælet «Jeppe på Bjerget» og krigsactionfilmen «Orions

belte» frå 1985. Men utover dette har Jordal hatt ei rekke roller på teater, i spelefilmar og TV-serier - og han har sjølvsgatt vunne Amandaprisen.

Som Jordal har også den utflytte hareidsdølingen og kor-dirigenten Jens Holstad markert seg sterkt i det bergenske landskapet. Han arbeider som musikk lærar og har for tida tre kor. I tillegg til Bøneskoret også Fanakoret og Fyllingsdalskoret. Mange vil elles hugse han som ein framstående bandmusikar (bl. a. i Jude) før han begynte å flytte på seg.

Var her i 2006 Bøneskoret, som tel 70 songarar, har vore på Sunnmøre før. Under Hareidsstemna i 2006 kom 350 for å høre dei framføre Johan H. Grimstad-

kantata "Laudate Dominum", om den spanske norskfødde prinsessa Kristina.

Strålende tilbakemeldingar Bøneskoret har alt hatt fleire framføringar av "Lengsel"-musikalen i Bergen og fått strålende tilbakemeldingar. Dirigent Jens Holstad seier det slik: - Helge Jordal har verkeleg mykje å gi. Han bitt det saman på ein fortreffelig måte, og berre soloen hans i "Spelemann på taket" er verd inngangspengane.

Eit poeng er det også at den nyvalde leiaren i Bøneskoret heiter Nils-Eivind Widnes Johansen og tilliks med dirigenten er frå Hareid.

Koret har med seg eit tre-mannsorkester - og lovar proff lyd.

Sjøborg
KULTURHUS·KINO

Kinoprogram og e-billetter:
www.sjoberg.no

Billetter kan også kjøpast i kinokiosken eller pr. tlf. 70 01 75 00 må-fr kl. 08.00-16.00.

**Sommar-
konsert med
kulturskolen**

Under Smak av Ulstein, er det tradisjonen tru, Ulstein kulturskule som står for opningskonserten. Konserten er lagt til 8. juni på Sjøborg.

Kulturskolen i Ulstein er ein viktig del av borna sine oppvekstvilkår og hos oss får dei med seg verdiar for heile livet.

Denne konserten er tenkt som ein mønstringskonsert med store grupper og stort mangfald. Men også enkelte solistinnslag. Konserten vil ha eit varierende innhald med utøvarar på ein rekke instrument. Her er det duka for musikkglede og talent på rekke og rad. Elevane på visuelle kunstart vil stille ut sine arbeid og vi får innslag av klassisk ballett og jazzballett. Som alltid ved kulturskulekonsertar, er det elevane som skal stå i fokus med støtte og motivasjon frå dyktige lærarar i bakgrunnen.

Vi ønsker alle hjarteleg velkomne til det vi trur det vil bli ein fin og stemningsfull konsert denne onsdagen på Sjøborg og vi håper sjølvsgatt på stappfull sal!

Arr.

hjalmar



f

Følg oss på Facebook

Vikebladet
Værsporten